



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FA-S11, TI-&13
Arkivsaksnr: 14/305	Løpenr: 14/3043
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	17.06.2014	041/14	RLØ
Kommunestyret	18.06.2014	040/14	RLØ

DUKEBOTN KRAFTVERK - SMÅKRAFTPAKKE - SAMNANGER, FUSA, KVAM

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilråding vert lagt fram i møte.

17.06.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmannen informerte om at administrasjonen ikkje har ei klar meining om saka, og at det derfor ikkje vart lagt fram tilråding.

Øyvind Strømmen (Bl) sette fram slikt framlegg:

Saka vert oversendt kommunestyret utan tilråding.

Monica Tjønna (Sp) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger Kommune er negativ til den omsøkte utbygginga då det kjem inngrep i friluftsområdet og at minstevassføringa er sett lågt. Det kjem ein annleggsveg som vil vera eit inngrep i naturen. Omsøkt område er mykje brukt til friluftsliv, og me meiner at me som kommune har råd til å la området vera.

Me stiller følgjande krav:

- dersom det vert gitt konsesjon må minstevassføringa aukast til minimum 160l/s
- mogleg hekking til Fjellvåk i området MÅ takast omsyn til.

2 røysta for framlegget frå Strømmen (Strømmen og Loe) og 3 for framlegget frå Tjønna (Tjønna, Marken og Tveiterås).

NAT-041/14 VEDTAK:

Samnanger Kommune er negativ til den omsøkte utbygginga då det kjem inngrep i friluftsområdet og at minstevassføringa er sett lågt. Det kjem ein annleggsveg som vil vera eit inngrep i naturen. Omsøkt område er mykje brukt til friluftsliv, og me meiner at me som kommune har råd til å la området vera.

Me stiller følgjande krav:

- dersom det vert gitt konsesjon må minstevassføringa aukast til minimum 160l/s
- mogleg hekking til Fjellvåk i området MÅ takast omsyn til.

18.06.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Kommunestyret ser positivt på søknaden om utbygging av Dukabotnen kraftverk.
Det må stillast krav til verning av mogleg hekking av fjellvåk i området.
Minstevassføring må ikkje setjast lågare enn 160 l/s*

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Samnanger kommune gjer merksam på at Dukabotnen er den rette skrivemåten av stadnamnet som er utgangspunkt for namnet på det omsøkte kraftverket. Kommunen ber BKK bruka denne skrivemåten også når ein omtalar kraftverket.

Først vart naturutvalet si tilråding sett opp mot framlegget til Brigte Olav Gåsdal. Framlegget til Gåsdal fekk 13 røyster naturutvalet si tilråding fekk 4 røyster.

Følgjande representantar røysta for Brigte Olav Gåsdal sitt framlegg:

- Brigte Olav Gåsdal (Ap)
- Liv Berit Befring (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Heidi Gjerde (Ap)
- Gunnveig Loe (Ap)
- Odd Lønnebakken (Ap)
- Marit Aase (Krf)
- Øyvind Strømmen (Bl)
- Eva Hellevang (H)
- Gunnar Bruvik (Frp)
- Jens Harald Abotnes (Krf)
- Svein Røseth (Frp)
- Norvald Gjerde (Frp)

Følgjande representantar røysta for naturutvalet si tilråding:

- Øyvind Røen (Sp)
- Bjarne Hauge (Krf)
- Anja Marken (Bl)

-
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)

Det vart så røysta over Øyvind Røen sitt tilleggsframlegg, som vart samrøystes vedteke.

KS-040/14 VEDTAK:

Kommunestyret ser positivt på søknaden om utbygging av Dukabotnen kraftverk.

Det må stillast krav til verving av mogleg hekking av fjellvåk i området.

Minstevassføring må ikkje setjast lågare enn 160 l/s

Samnanger kommune gjer merksam på at Dukabotnen er den rette skrivemåten av stadnamnet som er utgangspunkt for namnet på det omsøkte kraftverket. Kommunen ber BKK bruka denne skrivemåten også når ein omtalar kraftverket.

Dokument som ikkje er vedlagt:

BKK Produksjon AS sin konsesjonssøknad kan lastast ned her:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=6095&type=11>

Kva saka gjeld:

NVE har motteke søknadar om løyve til å byggja 12 småkraftverk i Kvam, Fusa og Samnanger. Søknadane skal handsamast samstundes, og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ynskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla dersom det er aktuelt. Det er tre av dei omsøkte prosjekta som ligg i Samnanger:

- Jarlshaug kraftverk (Jarlshaug Kraft AS)
- Sandelva kraftverk (Blåfall AS)
- Dukebotn kraftverk (BKK Produksjon AS)

Denne saka gjeld Dukebotn kraftverk, som NVE kort oppsummerer slik:

«Dukebotn kraftverk vil utnytte fallet på 170 meter i overføringen fra Nedre Dukavatnet til bekkeinntaket i Dukeelva. Nedre Dukavatnet tappes i dag gjennom en luke til et lite tjern i Dukeelva. Den eksisterende luken er planlagt å brukes som vanninntak for Dukebotn kraftverk. Hele Dukebotn kraftverk med vannvei planlegges i fjell. I forbindelse med kraftverksutbyggingen er det planlagt 1,5 km ny vei opp til eksisterende bekkeinntak i Dukeelva. Middelvannføringen er 1000 l/s, kraftverket er planlagt med en maksimal slukeevne på 2500 l/s. Utbyggingen vil føre til en redusert vannføring på 520 meter av Dukeelvas strekning. Slipp av minstevannføring er planlagt til 120 l/s om sommeren (01.05 til 30.09) og ingen minstevannføring resten av året. Kraftverket vil ha en installert effekt på 3,6 MW, noe som vil gi en årlig produksjon på 12,7 GWh.»

Søkjar har oppsummert prosjektet slik:

Dukebotn kraftverk er et planlagt kraftverk som vil bli bygget i fjell og utnytte eksisterende reguleringer til kraftproduksjon. Kraftverket vil utnytte 8,9 km ² av nedbørsfeltet til Dukeelva. Både
--

magasinet oppstrøms og nedstrøms, henholdsvis Nedre Dukavatnet og Svartavatnet samt elvestrekningen er regulert fra før. Dukebotn kraftverk vil utnytte et midlere fall på 170 m.

Dukebotn kraftverk er beregnet til å produsere 12,7 GWh i et midlere år. Med en utbyggingskostnad på 63,5 mill.kr pr. 1.1 2014 gir dette en utbyggingspris på 5,00 kr/kWh.

BKK Produksjon ønsker å nytte eksisterende reguleringsanlegg på en bedre måte og bidra til at Norge når målsettingen om økt andel av fornybar energi innen 2020. Dukebotn kraftverk vil nyttiggjøre seg av eksisterende reguleringsanlegg og vil med dette kunne tilføre systemet både regulerbar effekt og energi. Største ulempene tiltaket medfører er de permanente inngrepene i landskapet som er anleggsvei, tunnelportal og kraftlinje. Vannføringen mellom Dukevatnet og bekkeinntaket i Dukebotn er sterkt regulert i dag uten krav til minstevannføring. Dukebotn småkraftverk vil ta i bruk eksisterende tappestrekning, noe som i perioder av året vil ha en begrenset negativ effekt på opplevelsen av landskapet, men denne er regulert og tørrlagt store deler av året etter gjeldende konsesjon. Gjennomføring av Dukebotn småkraftverk vil etablere minstevannføring på en strekning som ikke har krav om minstevassføring i dag. Det er foreslått minstevannføring på 120 l/s i sommerhalvåret for å kompensere virkningen av utbyggingen og i miljøvurderingen er dette tatt hensyn til.

Miljøvurderingen viser at:

Tema	Konsekvens	Vurdert av
Vanntemp., is og lokalklima	ubetydelig	søker
Ras, flom og erosjon	ubetydelig	søker
Ferskvannsressurser	ingen	søker
Grunnvann	ingen	søker
Brukerinteresser	liten negativ	konsulent
Rødlistearter	liten negativ	søker (etter oppdatert liste)
Terrestrisk miljø	liten til middels negativ liten negativ	konsulent søker
Akvatisk miljø	liten negativ ubetydelig	konsulent søker
Landskap og INON	middels negativ	konsulent
Kulturminner og kulturmiljø	ingen	konsulent
Reindrift	Ikke tema	
Jord og skogressurser	ubetydelig til liten negativ ubetydelig	konsulent søker
Oppsummering	liten negativ	søker

Fylke: Hordaland	Kommune: Samnanger	Gnr: 32	Bnr: 1,2,3,4 og 6
Elv: Dukeelva	Nedbørsfelt (km²): 8,9	Inntak kote: 792	Utløp kote: 619
Største slukeevne (m³/s): 2,5	Minste slukeevne (m³/s): 0,9	Installert effekt (MW): 3,6	Produksjon pr år (GWh): 12,7
Utbyggingspris (kr/kWh): 5,00	Utbyggingskostnad (mill kr): 63,5		

Vurderingar og konsekvensar:

Ei utbygging fører med seg produksjon av meir fornybar energi i eit allereie utbygd vassdrag, noko det er eit mål for Samnanger å leggja til rette for. Produksjonen vil gje om lag 12,7 GWh årleg, det

tilsvarar årsforbruket til om lag 635 husstandar. Sidan kraftverket skal nytta seg av eit eksisterande reguleringsmagasin, kan produksjonen styrast mot tider på året då energibehovet er størst.

Det er ikkje funne naturmangfaldverdiar av nemneverdig karakter i området. Før ein eventuell anleggsperiode må det undersøkjast om fjellvåken hekkar i området det aktuelle året, og anleggsperioden må då tilpassast desse.

Omsøkt utbygging vil etablera minstevassføring på eit strekkje som i dag ikkje har krav til minstevassføring. Dagens situasjon er at tappetunnelen frå Nedsta Dukavatnet i tråd med gjeldande konsesjon kan stengjast heilt, og opnast når det høver best å køyra Kvittingen kraftverk. Ved opning renn vatnet rett frå dammen og ut i elveleiet, 520 meter lengre ned i elva går vatnet inn i eit bekkeinntak som fører til Kvittingen kraftverk. Det er dette strekkjet som vil få ei minstevassføring på 120 l/s om sommaren.

«På grunn av lukens konstruksjon blir denne i praksis ikke helt stengt ved fjernstyring. Ved manuell manøvrering av luken kan den stenges helt. Manuell manøvrering er ressurskrevende og blir sjelden gjort. Ved høy vannstand i magasinet vil lukeåpningen i fjernstyrt «stengt» stilling tilsvare en vannføring ut av tappetunnelen på ca 1,6 m³/s. Ved lav vannstand i magasinet tilsvarer lukeåpningen i fjernstyrt «stengt» stilling ca 160 l/s.» (s. 20 i konsesjonssøknaden).

I praksis er det såleis allereie ei minstevassføring på 160 l/s på strekninga, sjølv om BKK står fritt til å stengja denne heilt når som helst.

Dukafossen er eit synleg og flott landskapselement i Dukebotn, på strekninga utan krav om minstevassføring, men den føreslåtte minstevassføringa er ikkje stor nok til å skapa ein særleg synleg foss. Biletvedlegga syner fossen ved ulike vassføringar, og den minste av dei er 160 l/s. Dette er heilt i det nedre sjiktet av kva ein kan kalla ein synleg foss. Den føreslåtte minstevassføringa på 120 l/s er 25 % mindre enn dette, og fossen vil truleg knapt bli synleg. Det ligg ikkje føre bilete med denne vassføringa. Me meiner at minstevassføringa bør setjast høgare enn søkjar føreslår, sidan hovudgrunngevinga for å etablera minstevassføring er dei estetiske omsyna. Dette vil sjølvsagt føra med seg eit tap i produksjonen. Søkjar si føreslåtte minstevassføring gjev dette tapet:

Forbitapping/minstevannføring	l/s	Produksjon [GWh]	Utbygningspris [kr/kWh]
Ingen minstevannføring	0	13,4	4,74
Minstevannføring sommer (1.juni til 30.september)	120	12,7	5,00


Til dømes vil då ei minstevassføring på 160 l/s redusera produksjonen til 12,4 GWh, og auka utbyggingsprisen til 5,09 kr/kWh.

Tilkomstveg og tunnelportal vil bli synlege inngrep i den elles urørte Dukebotn. Føreslåtte avbøtande tiltak er å gjera vegskuldrer og vegskjeringar minst mogleg dominerande, samt å gjera tiltak for å sikra rask og god revegetering av veg og riggområde.

For friluftslivet vil alle inngrep av denne typen i naturen opplevast som negative. Dei faste synlege inngrepa vil forstyrre naturopplevinga. Det er positivt for friluftslivet at det vert etablert minstevassføring, sjølv om den føreslåtte minstevassføringa bør setjast høgare.

Tiltaket fører med seg eit bortfall av 40 daa INON-område ([inngrepsfrie naturområde](#)) sone 2, som er område som ligg 1 – 3 km frå tyngre tekniske inngrep. På våre kantar er det lite «sone 1» (3 – 5

km) og «villmarksprege område» (meir enn 5 km) att, medan det er flekkar med sone 2 i dei fleste fjellområda. Som kartet med markeringar nedanfor viser er bortfallet i samband med søknaden heilt marginalt. Det er snakk om ein liten spiss heilt i utkanten av eit stort INON-område, som også inneheld ein del sone 1-areal.



Samla belastning: Kommunen har under utarbeiding ein kommunedelplan for små vasskraftverk som skal seia noko om kor stor utbygging me totalt sett ynskjer i kommunen, i lys av kva andre verdiar me har og korleis dei blir råka av vasskraftutbygging. Dei tre kraftverka ligg langt i frå kvarandre, i ulike delar av kommunen, og i veldig ulike landskap. Me kan ikkje sjå at den samla belastninga av desse tre kraftverka blir for stor.